

POLSK – NORSK FOLKEDANS INSPIRASJON



**Denne sommaren kan du oppleve og la deg inspirera av
POLSK og NORSK folkedans**

Strilaringen (www.strilaringen.no)

Folkedansgruppa Strilaringen frå Nordhordland vart starta i 1976. Vi er ei aktiv dansegruppe som arbeider for å ta vare på, vidareutvikla og vidareføra norsk folkedans-, folkesong- og folkemusikktradisjon, nasjonalt og internasjonalt. Laget spreiar kunnskap om folkemusikk og folkedans gjennom framsyningar og festivalar i Noreg og utlandet.

EØS-Kulturutvekslingsprosjekt

I år har vi eit prosjekt i samarbeid med **Śląsk Folk and Dance Ensemble** for å fremja folkedans og folkemusikk i Noreg og Polen med støtte frå EØS- kulturutvekslingsmidlar. Prosjektet skal få fram mangfaldet og det folkelege i tradisjonsdansen med mål å ta vare på desse tradisjonane.

**Gå ikkje glipp av ei fantastisk framsyning ved
Śląsk Folk and Dance Ensemble.**

Framsyningar i Noreg:

Dato	Kvar	Kl
18.aug	Nordhordland Folkehøgskule	18:00
19.aug	Oseana Kunst og Kultursenter (Os)	19:00
20.aug	Workshop/Kurs - Gimle Bergen	19:00 - 21:00
21.aug	Voss Kulturhus	19:00
22.aug	Cornerteater (Bergen)	18:00
23.aug	Førde Kulturhus	16:00
24.aug	Stord Kulturhus (Leirvik)	17:00
25.aug	Fedje -	12:30

Merknad: Med atterhald om endringar/tidspunkt

Skulle **DU** ha lyst til å koma å dansa med oss, er du hjarteleg velkomen! Vi har faste øvingar på Dalheim (Hundvin i Lindås) kvar mandag frå kl 19-21. (Oppstart 1.september)

Du finn meir info på www.strilaringen.no



ICELAND
LIECHTENSTEIN
NORWAY
**eea
grants**



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

